

STANDARDHEFTER

SOM VIL BLI TEKNE INN SOM HEFTER I SKØYTE

Under pkt 6. Særskilde avtaler:

Følgjande standardhefter vert tinglyst som hefter i skøytet;

- *Eigedomen skal nyttast til fast bustad og ikkje berre til korttidsutleige. Korttidsutleige utover 30 døgn årleg er ikkje tillate utan at kommunen sitt samtykke. Med korttidsutleige meinast utleige i inntil 30 døgn samanhengande.*
- *Linja AS organisasjonsnr 912 631 532 og Telenor Norge AS organisasjonsnr 976 967 631 har rett til å legge, ha liggande og rett til å vedlikehalde trekkerør/kablar som vert førde fram over parsellen.*
- *Stryn kommune har rett til å legge, ha liggande, og drifte/vedlikehalde vass- og avlaupsleidningar og vegar som kommunen fastlegg i samsvar med vedteken reguleringsplan eller offentlege planar.*

Overført frå pkt 6 - Andre avtaler (som ikkje skal tinglysest):

- *Bygging av bustadhus på eigedommen må være igongsett innan 2 år frå tinglysing av skøyte og innflytting må skje innan 3 år frå tinglysing av skøyte. (For tomter regulert til konsentrert bustadbygging vert frist for bygging igongsett sett til 4 år, og det vert ikkje sett frist for innflytting). Dersom fristen vert overskriden skal Stryn kommune ha rett, men ikkje plikt, til å kjøpe tilbake tomta for den summen som kjøparen har betalt – minus tinglysingsgebyr og dokumentavgift.*
- *Kjøpar kan ikkje selje eigedomen eller delar av eigedomen vidare i ubygd stand utan kommunen sitt samtykke. Dersom kjøparen skal selje ei tomt før den er bygd på, har kommunen rett, men ikkje plikt, til å kjøpe att tomta for den summen som kjøparen har betalt – minus tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Dersom kommunen ikkje nyttar sin tilbakekjøpsrett, har kjøpar rett til å selje tomta vidare, men kommunen kan setje vilkår om pris.*
- *Den som sel tomta tilbake til Stryn kommune må dekkje alle kostnader knytt til kommunen sitt tilbakekjøp, inkludert nytt tinglysingsgebyr og ny dokumentavgift ved overskøyting til Stryn kommune.*
- *Eventuell gjerdeplikt kring parsellen kviler fullt ut på den til ei kvar tid eigar av eigedommen utan utgift for kommunen*

